Vintervedlikehald Stranda kommune - rode 101

Del 1: Konkurransevilkår

Stranda kommune

Open anbodskonkurranse etter FOA del I og III

Saksnummer: 2026/03

Næring og teknisk

Innhald

1 OM OPPDRAGSGIVAR OG BEHOVET ... 3

1.1 KORT OM OPPDRAGSGJEVAR ... 3
1.2 BAKGRUNN FOR KONKURRANSEN ... 3
1.3 OM BEHOVET OG RODEN ... 3
1.4 AVTALEPERIODE OG ESTIMAT ... 4
1.5 VIKTIGE DATOAR ... 4
1.6 SYNFARING OG INFORMASJONSMØTE ... 4

2 REGLAR FOR KONKURRANSEGJENNOMFØRINGA ... 5

2.1 ANSKAFFINGSPROSEDYRE ... 5
2.2 OPPDATERING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET ... 5
2.3 TILLEGGSOPPLYSNINGAR ... 5
2.4 AVVIK ... 5
2.5 ALTERNATIVE TILBOD ... 5
2.6 DELTILBOD ... 5
2.7 SÆRLEGE KONTRAKTSVILKÅR ... 6

3 KONKURRANSEGRUNNLAGET ... FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.

4 TILBODET ... 6

4.1 TILBODETS UTFORMING ... 6
4.2 TILBODETS INNHALD ... 6
4.3 LEVERING AV TILBODET ... 6
4.4 TILBODSKOSTNADAR ... 6
4.5 VEDSTÅINGSFRIST ... 6
4.6 OFFENTLEGLOVA ... 7
4.7 KONFIDENSIALITET ... 7
4.8 OBLIGATORISK KRAV - ATTEST FOR SKATT OG MEIRVERDIAVGIFT ... 7

5 DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD) ... 7

5.1 GENERELT OM ESPD ... 7
5.2 ESPD FOR UNDERLEVERANDØRAR/SAMARBEIDSPARTNAR ... 8
5.3 NASJONALE AVVISINGSGRUNNAR ... 8

6 KVALIFIKASJONSKRAV ... 8

6.1 KVALIFIKASJONS- OG DOKUMENTASJONSKRAV ... 8
6.2 KRAV TIL REGISTRERING, AUTORISASJON M.M. ... 8
6.3 KRAV TIL TEKNISKE OG FAGLEGE KVALIFIKASJONAR ... 8
6.4 STØTTE FRÅ ANDRE VERKSEMDER ... 9

7 TILDELINGSKRITERIUM ... 9

8 EVALUERING ... 10

8.1 EVALUERING AV PRIS ... 10
8.2 EVALUERING AV KLIMA OG MILJØ ... 10
8.3 AVVISING AV TILBOD ... 11
8.4 AVLYSING AV KONKURRANSE ... 11
8.5 MELDING OM VAL AV LEVERANDØR ... 11
8.6 KLAGE ... 11

1 OM OPPDRAGSGIVAR OG BEHOVET

1.1 Kort om oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Stranda kommune, sektor for næring og teknisk.

Kontaktpersonen til oppdragsgivaren for denne anskaffinga er.

Namn	Gry Loftesnes
Stilling	Ekstern rådgjevar
Telefon	47 39 61 15

All kommunikasjon med oppdragsgivaren skal skje gjennom konkurransegjennomføringsverktøyet KGV. Dette gjeld også spørsmål og svar.

1.2 Bakgrunn for konkurransen

Stranda kommune lyste i 2025 ut konkurranse om vintervedlikehald av kommunale vegar i Stranda kommune. Denne konkurransen gjeld ny kunngjering av ein av delkontraktane (rode 101).

1.3 Om behovet og roden

Vintervedlikehaldet omfattar desse oppgåvene:

- snøbrøyting
- snørydding
- strøing av salt og grus
- fresing
- beredskap i perioden frå 15. oktober til og med 15. april

Vintervedlikehaldet gjeld ikkje brøyting av private vegar, då det vart vedtatt i Kommunestyret 30.04.25 at kommunen skulle avvikle ordninga med brøyting av private vegar.

Det gjeld likevel nokre unntak for brukarar med vedtak om heildøgns omsorg etter helse- og omsorgslova, og brukarar som treng tenesta av andre vektige helsemessige eller sosiale grunnar.

For krav til gjennomføring av tenesta, sjå vedlegg 2 Kravspesifikasjonen.

Denne anskaffinga gjeld vintervedlikehald av ein delkontakt:

Rodenr.	Namn
Rode 101	Stranda, Storgjerde/Langlo/Jakob

For detaljert oversikt over brøyteroda, sjå vedlegg 4a. Mindre endringar/justeringar av roda kan førekome.

Tilbodet må dekkje heile roda, men leverandørar kan gå saman og levere eit felles tilbod for heile roda om ein ikkje har kapasitet aleine. Det blir inngått ei kontrakt for roda.

1.4 Avtaleperiode og estimat

Oppstart av avtalen er snarleg etter utløpet av karensperioden, hausten 2026.

Avtalen varer i 2 brøytesesongar, med opsjon på å forlenge i 1+1 sesong, slik at samla avtaleperiode er ca. 3,5 år.

Estimert årleg verdi for rode 101, basert på kjøp av tenester i sesongen haust 2025 - vår 2026 er ca. NOK 400 000. Samla verdi er ca. 2,0 MNOK over heile avtaleperioden.

Samla verdi for brøytekontraktene som denne roden er ein del av, er ca. 20 MNOK over heile kontraktperioden.

1.5 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Dato for oversending til kunngjering	10.09.26
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	05.10.26 kl. 12:00
Frist for å levere tilbod	**14.10.26 kl. 12:00**
Evaluering	Veke 42-43
Val av leverandør og melding til leverandørar	Veke 43
Karensperiode	10 dagar
Kontraktsinngåing	Veke 45
Vedståingsfrist for tilbodet	30.11.26 kl. 23:59
Oppstart	Snarast

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

1.6 Synfaring og informasjonsmøte

Det blir ikkje halde informasjonsmøte eller synfaring i samanheng med konkurransen.

2 KONKURRANSEGRUNNLAGET

Konkurransegrunnlaget består av:

- Del 1: Konkurransevilkår (dette dokumentet)
  - Vedlegg A: Tilbodsbrev
  - Vedlegg B: Forpliktingserklæring
- Del 2: Kontraktsgrunnlaget
  - Vedlegg 1: Pris og utstyr
  - Vedlegg 2: Kravspesifikasjon
  - Vedlegg 3: Rodekart rode 101
  - Vedlegg 4: Oversikt rode 101

3 REGLAR FOR KONKURRANSEGJENNOMFØRINGA

3.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og del III. Anskaffinga gjennomførast etter prosedyren open anbodskonkurranse, jf. FOA § 13-1.

I anbodskonkurransar er det ikkje høve til å forhandla.

Ved behov vil oppdragsgjevar be om ettersending og avklaring av opplysningar og dokumentasjon innanfor rammene av FOA § 23-5.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gjeve i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt til kontaktperson.

3.2 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert interessa si for anskaffinga i konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV).

3.3 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, eller er uklart, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar via konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV).

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla til oppdragsgivar via KGV.

3.4 Avvik

Avvik frå anskaffingsdokumenta vil kunne føre til avvising. I staden for å gje tilbod med avvik bør tilbydarane stille spørsmål undervegs i konkurransen.

Eventuelle avvik skal skildrast i tilbodsbrevet. Alle avvik skal vere uttrykkelege, presise og eintydige, og skal innehalde ei tilvising til kva dokument og punkt det vert gjort avvik frå. Avvik som ikkje er skildra kan ikkje gjerast gjeldande seinare.

3.5 Alternative tilbod

Det er ikkje høve til å gje alternative tilbod.

3.6 Deltilbod

Det er ikkje høve til å levere deltilbod.

3.7 Særlege kontraktsvilkår

Kontrakten inneheld krav om lønns- og arbeidsvilkår, i samsvar med LOA § 5e, krav om lønns- og arbeidsvilkår, i samsvar med LOA § 5f, krav til betaling via bank i samsvar med LOA § 5g, og krav til avgrensing i tal ledd i leverandørkjeda i samsvar med LOA § 5k.

4 TILBODET

4.1 Tilbodets utforming

Tilbodet skal leverast etter den utforminga det elektroniske systemet for innlevering angjev. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt besvarast og dokumenterast i tilbodet.

Tilbodet skal leverast på norsk.

4.2 Tilbodets innhald

Følgande dokument skal leverast saman med tilbodet:

- Vedlegg A Tilbodsbrev (utfylt og signert)
- Dokumentasjon kvalifikasjonskrav, jf. punkt 6.
- Vedlegg B Forpliktingserklæring
    - Dersom leverandøren støttar seg på underleverandør for å dokumentera oppfylling av krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar. I tilfelle skal det også leverast ESPD frå underleverandør.
- Vedlegg 1 Pris og utstyr (utfylt)
- Vedlegg 2 Kravspesifikasjon (utfylt)
- ESPD (utfylt direkte i KGV)

4.3 Levering av tilbodet

Tilbod skal leverast elektronisk via KGV innan tilbodsfristen. Systemet tillèt ikkje å sende inn tilbod elektronisk via KGV etter tilbodsfristens utløp. Innlevering av tilbod per e-post eller liknande vil føre til avvising av tilbodet.

Ved spørsmål om bruk av KGV, kontakt brukarstøtte på telefon +47 23 96 00 10 eller e-post kgv@eu-supply.com.

Tilbodet skal vere datert og signert av ansvarleg representant.

4.4 Tilbodskostnadar

Tilbydar dekker sjølv sine tilbodskostnadar.

4.5 Vedståingsfrist

Tilbodet skal vere bindande til vedståingsfristen som beskrive i tabellane i punkt 1.5.

4.6 Offentleglova

For allmenta sitt innsyn i dokument knytt til ei offentleg anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgjevar og denne sine tilsette pliktar å hindre at andre får tilgang og kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningstilhøve det vil vere av konkurransemessig betyding å hemmeleghalde, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4, og forvaltningslova § 13.

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og anskaffingsprotokoll, jf. lov 19.mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentleglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikta i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13. Leverandørane skal levere ei oversikt over kva for opplysningar dei meiner er unnateke innsyn, samt signere eigenerklæring på at oppdragsgjevaren er friteken frå teieplikt i høve opplysningar som ikkje er særskild identifisert som teiepliktige i leverandøren si opplisting.

Ved krav om innsyn skal oppdragsgjevaren gjere ei konkret og sjølvstendig vurdering av kor vidt opplysningane leverandøren har lista opp er av ein slik art at oppdragsgjevaren pliktar å nekte innsyn, jf. offentleglova § 29.

4.7 Konfidensialitet

Informasjon som partane blir kjend med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal behandlast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre part. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følgjer av forvaltningslova eller tilsvarande sektorspesifikk regulering, samt etter offentleglova.

4.8 Obligatorisk krav - attest for skatt og meirverdiavgift

Vald leverandør skal på førespurnad levere attest for skatt og meirverdiavgift. Dette gjeld berre dersom vald leverandør er norsk. Oppdragsgivar kan hente inn skatteopplysningane via eBevis. Alternativt blir attest henta inn for skatt og meirverdiavgift manuelt.

Attesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå den datoen oppdragsgivar melder kven som har vunne konkurransen.

5 DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD)

5.1 Generelt om ESPD

Leverandøren skal fylle ut ESPD-skjema i KGV, der leverandøren erklærer at det ikkje føreligg grunnar for avvising, og at kvalifikasjonskrava er oppfylt. Skjemaet skal fyllast ut i samband med innlevering av tilbodet.

5.2 ESPD for underleverandørar/samarbeidspartnar

Dersom tilbydar ønsker å støtte seg på underleverandørar eller samarbeidspartnarar for å oppfylling av kvalifikasjonskrav skal det også leverast ESPD-skjema for kvar enkelt underleverandør/ samarbeidspartner jf. FOA § 17-1 (6).

5.3 Nasjonale avvisingsgrunnar

I samsvar med ESPD del III: Avvisningsgrunner, seksjon D: «Andre avvisningsgrunner som er fastsatt i den nasjonale lovgivingen i oppdragsgiverens medlemsstat»: Dei norske innkjøpsreglane går lenger enn kva som følgjer av avvisingsgrunnane angitt i EUs direktiv om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det vert difor presisert at i denne konkurransen gjelder og alle avvisingsgrunnane i anskaffelsesforskriften § 24-2, inkludert de rent nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgjande av avvisingsgrunnane i anskaffelsesforskriften § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- § 24-2 (2). I denne regelen er det angitt at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei oppgitte straffbare forholda. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei oppgitte straffbare førehalda er eit særnorsk krav.
- § 24-2 (3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD-skjemaet gjelder berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, mens den norske avvisingsgrunnen også gjeld andre alvorlege feil som kan medføre tvil om leverandørens yrkesmessige integritet.

6 KVALIFIKASJONSKRAV

6.1 Kvalifikasjons- og dokumentasjonskrav

I tillegg til å fylle ut det elektroniske eigenerklæringsskjemaet (ESPD), må leverandøren levere dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrava i samsvar med krava under.

Kvalifikasjonskrava er absolutte krav. Manglande oppfylling av kvalifikasjonskrava vil medføre avvising frå konkurransen, jf. FOA § 24-2.

6.2 Krav til registrering, autorisasjon m.m.

Krav	Dokumentasjon
Leverandøren skal vera registrert i eit foretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert. Leverandøren må ha eit organisasjonsnummer.	Norske tilbydarar: Firmaattest Utanlandske tilbydarar: Stadfesting på at selskapet er registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit bransjeregister i samsvar med lovgjevinga i det landet kor tilbydaren er etablert.

6.3 Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjon

Leverandøren skal ha den naudsynte erfaringa til å gjennomføre kontrakten på ein tilfredsstillande måte. Leverandøren skal ha erfaring frå minst eitt tilsvarande oppdrag.	Skildring av leverandøren **sine relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra.** Skildringa må inkludere oppdragsverdien, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post). Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa.
Leverandør må disponere over tilstrekkeleg utstyr. Hovudmaskinene som nyttast i oppdraget skal ikkje vere eldre enn 10 år ved tilbodsfristen.	Leverandøren skal dokumentere dette gjennom utfylt utstyrsoversikt i vedlegg 1 Pris og utstyr.

6.4 Støtte frå andre verksemder

Leverandøren kan støtta seg på kapasiteten til andre verksemder/føretak for å oppfylla krava til tekniske og faglege kvalifikasjonar, jf. punkt **Feil! Fant ikke referansekilden.**.

Dersom ein ynskjer støtta seg på kapasiteten til andre verksemder, må leverandøren dokumentera at han rår over dei naudsynte ressursane, t.d. ved framlegging av forpliktingserklæring frå desse verksemdene. Mal for slik forpliktingserklæring er vedlagt i del 1 vedlegg B. Forpliktingserklæringar **skal** leverast saman med tilbodet.

TYPE DOKUMENTASJON FRA UNDERLEVERANDØR	KOMMENTAR
Forpliktingserklæring/samarbeidsavtale (signert) som stadfestar at tilbydaren vil ha rådigheit over dei naudsynte ressursane, jf. FOA § 16-10 (2).	Mal for forpliktingserklæring er vedlagt, jf. vedlegg 3. Se også informasjon under.
Dokumentasjon frå underleverandøren på oppfylling av dei kvalifikasjonskrava som leverandør støtter seg på underleverandør for å oppfylle	Gjeld berre dei kvalifikasjonskrava som leverandør støtter seg på underleverandør for å oppfylle
ESPD for underleverandørar	Utfylt ESPD-skjema – oppsett i KGV

7 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga skjer på basis av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på følgjande kriterium:

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjon
Pris Evalueringa ver gjort basert på tilbydd timepris for brøyting og strøing.	70 %	Utfylt del 2 vedlegg 1 Pris og utstyr

Klima og miljø Det vert under dette kriteriet gjort ei vurdering av *forpliktande tiltak* som bidreg til å redusere klima- og miljøbelastninga ved gjennomføring av kontrakten. Det blir gitt høgare utteljing for tiltak som dokumenterer større reduksjon i klima og miljøpåverknaden. Ideelt sett vert roden brøyta med nullutsleppskøyretøy, og det vert i tillegg iverksett øvrige tiltak som reduserer klima og miljøavtrykket. Døme på relevante moment som kan få utteljing er: • Bruk av nullutsleppsmaskin (som elektrisk traktor) • Bruk av fossilfritt drivstoff • Bruk at traktor med *dokumentert* lågare grenseverdiar for utslepp enn det som er minimum for steg V • Traktor med steg V utslippsstandard • Traktor med steg IV, men som når grenseverdien for steg V I tillegg: • Ruteoptimalisering og køyrestil • Andre tiltak som reduserer klima og miljøavtrykket under utføring av arbeidet Det vert gjort ei samla vurdering av tiltaka.	30 %	Utfylt informasjon om køyretøy, klassifisering og drivstoff i del 2 vedlegg 1 Pris og utstyr. **I tillegg:** Leverandørens eiga skildring av tiltak som reduserer klima- og miljøbelastninga under utføring av arbeidet. Skildringa skal maksimalt vere på 800 ord. For å få utteljing for eventuelle utsleppsverdiar *lågare* enn steg V, må verdiane dokumenterast, til dømes i form uavhengig standardisert utsleppstest eller liknande, der informasjon om CO, HC, NOx og partiklar (PM) og evt. partikkeltal for maskinmotor kjem fram.

8 EVALUERING

8.1 Evaluering av pris

Evalueringa av pris vert gjort etter ein lineær modell, der tilbodet med lågast pris får 10 poeng. Andre tilboda får poeng etter avvik frå lågaste pris.

Modell	Forklaring	Valt
Lineær	Beste pris får 10 poeng. Beste pris * 2 eller høgare får 0 poeng.	☒

8.2 Evaluering av klima og miljø

Evalueringa vil det kvalitative kriteriet klima og miljø vert gjort basert på ei skjønsmessig vurdering av tilboda samanlikna med eit tenkt idealtilbod.

Poengmodellen som vert nytta er ein skala frå 0-10 poeng, basert på følgande mal:

	Absolutt modell
Poeng	Innhald
10	Best tenkelege tilbod (idealtilbod)
9-8	Særs godt tilbod, men med enkelte svakheiter samanlikna med idealtilbodet.
7-6	Svakare enn idealtilbodet.
5-4	Mykje svakare enn idealtilbodet
3-2	Særs mykje svakare enn idealtilbodet
1	Så vidt oppfylt minimum for å oppnå karakter.
0	Tilbodets innhald er uakseptabelt, eller er ikkje mogleg å evaluere

8.3 Avvising av tilbod

Avvisingsreglane i FOA kapittel 24 gjeld. Tilbydarane vert oppfordra til å sette seg inn i desse.

8.4 Avlysing av konkurranse

Oppdragsgivar kan avlyse konkurransen dersom det ligg føre sakleg grunn, jf. FOA § 25-4 (1). Som sakleg grunn vert det mellom anna vist til bortfall av planlagt finansiering, manglande godkjenning frå politisk hald, og manglande konkurranse.

8.5 Melding om val av leverandør

Etter at val av leverandør er gjort vil alle leverandørar som har gitt tilbod bli skriftleg informert om dette. Meldinga vil innehalde namn på kven som er tildelt kontrakt samt ei utgreiing om eigenskapane og dei relative fordelane tilbodet som er valt, i samsvar med tildelingskriteriet i konkurransen, jf. FOA § 25-1. Meldinga vil også innehalda tidspunkt for utløp av karensperioden.

8.6 Klage

Tilbydarar kan klage på val av leverandør. Dersom oppdragsgivar finner at tildelingsvedtak ikkje er i samsvar med tildelingskriteria kan tildelingsvedtaket bli annullert fram til kontrakt er signert.